



# ALARMSENTRALEN IKS

Respons og kompetansesenter.

Vedlegg 3.

Florø 28.05.2021

## Notat endringar ved Alarmsentralen IKS – Informasjon til kommunane

Notatet gir ei kort oversikt over endringar i oppgåver til Alarmsentralen. Frå 1 februar 2021 overtok Bergen Brannvesen naudmeldetenesta for brann.

Alarmsentralen held fram som Alarmsentral for sine eigarkommunar i Sogn og Fjordane. Sentralen er etablert som kommunane sitt respons og kompetansesenter for handsaming tryggleiksalarmar – velferdsteknologi. og andre automatiske alarmar som brann – innbrot – heis og liknande.

### Bemanning:

1 februar 2021 blei 110 tenesta flytta til 110 Vestland i Bergen. 5 av sentralens 110 operatørar takka ja til tilbod om arbeid på 110 Vestland. Disse 5 operatørane er i dag erstatt med 5 off. godkjende sjukepleiarar på Alarmsentralen. Dvs. at det alltid er ein off. godkjend sjukepleiar på vakt ved sentralen i tillegg til ein Alarmsentraloperatør.

### Arbeid med etablering av responscenterfunksjon ved Alarmsentralen

Alarmsentralen Sogn og Fjordane har sidan 1999 bygd seg opp også til å vere kommunane sin sentral for mottak og formidling av tryggleiksalarmar. Dette er ei teneste sentralen skal forsette med å utøve for sine eigarkommunar. Ny teknologi blir utvikla. Alarmsentralen har sørga for at alle brukarane av tryggleiksalarm tenesta er utstyrt med nye digitale alarmar. I tillegg tilbyr sentralen nye digitale sensorar som kan koplast til tryggleiksalarmen for å trygge brukarane i sin eigen heim. Bruk av velferdsteknologi kan bidra til auka tryggleik og gje betre tenester for brukarar og pårørande. I Sogn og Fjordane ønsker ein å oppgradere dagens alarmhandtering slik at vi tilfredstiller tilrådingar frå Helsedirektoratet. Kommunen godkjende i 2019 plan for responscenter tenester lagt til Alarmsentralen.

Helsedirektoratet har også gjev tilråding til organisering av responscenter teneste. ALSF oppfyller dei fleste krav som vert stilt til denne funksjon. ALSF har investere i digitalt mottak som kan kommunisere med kommunane sine journal-system (pasient-datasystem) og løysingar som stettar krev til datatryggleik. I 2020 er det inngått rammeavtale for å standardisere utstyr og oppnå stordriftsfordelar på innkjøp av utstyr og sensorar. Alarmsentralen vil i 2021 halde fram med å leie arbeidet med prosjekt i kommunane for å få til så god implementering av velferdsteknologi som mogeleg.

Øyvind Bang-Olsen  
Styreleiar

Terje Brandsøy  
dagleg leiar